

MØTE I KFAU

Dato: 15.02.2024

Til stede:

- Ronny Mehus Rugland (FAU Sand skule ungdomstrinn)
- Marita Maldal (FAU Sand skule barnetrinn- vara)
- Atle Tveita (Marvik skule- vara)
- Cecilie Erfjord (FAU Erfjord)
- Sveinung Nessa (FAU Jelsa- vara)
- Ann Elisabeth H. Langeland (FAU Nesflaten)
- Britt Elin Håranes (Rådgevar/ konstituert oppvekstsjef)
- Kjersti Moe (FAU Suldalsosen)

Sak 12 2023/2024: Informasjon/ oppdatering frå dei ulike skulane. Korleis er stoda?

Sand skule, ungdomstrinn:

- Dei har hatt fokus på økonomi og gjennomføring av årets tur for 10. klasse. Eiga gruppe som har arbeida med dette og sett på ulike moglegheiter. Er eit stort kull og det krev mykje dugnad og inntekter.
- Årets nyttårsball gjennomførast i kveld.
- Har diskutert mobilbruk i skulen. Det er ei krevjande rolle for skulen å være «politi».
- Ser behov for økt ressurs av helsesjukepleiar i skulen, særleg i forbindelse med plan for overgang barnetrinn til ungdomsskulen.
- Har også diskutert moglegheiter for at nokre av «Ope hus» for mellomtrinna på Sand kan inkludera invitasjon til dei andre skulane. Dette blei diskutert meir i KFAU under punktet ymse.

Marvik skule:

- Det går fint på skulen, ingen saker å melde til KFAU.

Erfjord skule:

- Har sendt brev til oppvekst om oppgradering av skulen og uteområdet. Har fått svar og dette følges opp av FAU.
- Spørsmål om ressursar til skolen ved med mottak av flyktningar. Er det slik at kvar skule får tildelt ekstra ressursar til elevar som byrjar på skulen?
Britt Elin forteljar at det meste av ressursane er lagt til velkomstklasse på Sand skole. Ein mindre pott har gått til den enkelte skule. Det er ikkje automatikk i at det følger ekstra midlar med den enkelte elev. Dersom det er elevar som har behov for særskilt tilrettelegging følgjes det opp på same måte som ved andre elevar.

Jelsa skule:

- Har utlyst stilling som einingsleiar.
- Går fint på skulen, ingen saker å melde til KFAU.

Nesflaten skule:

- Har hatt fokus på plan for overgang barnetrinn til ungdomskulen. Sendte dokumenta frå arbeidsgruppa for planen til foreldregruppa og bad om innspel. Handsama dette i FAU og har sendt innspela til KFAU og leiar for arbeidsgruppa; Magnus Skjefstad.
- Har diskutert sak om lagring av dokumenter i FAU, og saknar felles løysningar og prosedyrar for heile kommunen. Opplev at det er ulik praksis i dei ulike FAU og at det i dag er opp til den enkelte leiar/ skrivar om kor og korleis ein lagrar dokument og sikrar offentlegheita tilgang til desse. Viktig at det er eit berekraftig system.

Vinjar skule:

- Jobba med plan for overgang ungdomsskole.
- Evalueringar av tiltak i regi av FAU: korleis ivareta både foreldre og elever som er nye på skolen. F.eks gjensidig kjennskap til korleis det norske skulesystemet er i forhold til til dømes det ukrainske. Korleis formidle og inkludere informasjon i samarbeid skule og heim, og kva kan FAU bidra med. Det er ein plan om å kontakte Intro for et samarbeid for å få setje dette på agendaen på informasjonsmøta for flyktningar.
- Planlegg foreldremøte i samarbeid med skulen i vår. Ønskjer at politikontakt, helsestasjon, PPT m.m er til stede.
- Har fått ny rektor og det er veldig kjekt.
- Læringsbrett og stavekontroll på nynorsk. Ønskes tatt opp i KFAU då ein har i behandlinga i saka fått informasjon at utfordringane ligg på systemnivå. Britt Elin svarer at det i utgangspunktet er best at FAU tar det via rektor, men kan i dette tilfelle ta det med seg vidare frå KFAU. Ho er allereie kjend med utfordringane som gjeld stavekontroll på nynorsk.

Sak 13 2023/2024: Høyring plan overgang barnetrinn- til ungdomsskole.

Dei ulike FAU har gjennomført høyringa av plan for overgang barneskule – ungdomsskule på forskjellig måte. I KFAU møtet blei planen diskutert på eit overordna og generelt nivå, sidan dei enkelte FAU har hatt moglegheit til å sende inn egne innspel i prosessen. KFAU hadde særleg fokus på dei forholda i planen som direkte handla om KFAU og foreldra, og planen som heilheit.

KFAU er samde om at planen verkar som grundig utarbeida, og kan bli eit godt arbeidsdokument for å sikre god overgang til ungdomsskulen for elevane.

Samtidig har KFAU fleire kommentarar; der fleire handlar om at planen verkar å vera svært omfattande, krev god struktur og rutinar i alle ledd, samt sårbar på ulike punkter. Etter vårt syn krev planen mykje ressursar og oppfølging, og innvolverar mange aktørar. Dette er sårbart, dersom ikkje alle har på plass gode rutinar for oppfølging.

Det stilles også spørsmål om alle elevane treng ein så omfattande plan? I tillegg meiner me det er viktig å ivareta eit perspektiv på elevane som går i 7 klasse, og som etter planen allereie skal begynne å tenke og forberede seg til å starta i 8 klasse nærmast eit år i forvegen. For tidleg oppstart av overgang kan føre med seg meir stress og uro, dersom elevane sjølv ikkje er klare for det.

Blant anna diskuterast det;

- September: Vedtektene i KFAU seier at me skal være konstituert til haustferien. Første punkt i planen er derfor etter vårt syn for tidleg. Det er også sannsyn for at dei ulike FAU ikkje har fått konstituert seg innan september er omme. Dersom planen skal inkludera FAU eller KFAU i starten av skuleåret, er vårt forslag at det ikkje kan skje før tidligast etter haustferien.

KFAU er samde om at bli kjent samlingar bør leggjast til våren. Treng ikkje å spesifisera i planen kor samlingane skal vera, men viktig å presisera at det er samlingar som gjennomførast av foreldra på tvers av skulane. Viktig at lista for aktivitetar og innhald ikkje blir lagt for høgt. Ein må ivareta gratisprinsippet.

- Oktober/ november: Slik me forstår må skulane melde inn behov for investeringar og midlar knytt til tilrettelegging for elevar i august. Stiller spørsmål om dette punktet då kjem for seint? Det kan også vere slik at midlar knytt til elevar følger med i overgangen til ungdomsskulen. Viktig at forhold si planen om omhandlar økonomi sikrast gjennom dialog med kommunen slik at datoar og fristar er i tråd med årshjulet.
- KFAU undrast over at leirskulen for 7 klasse ikkje er nemnt i planen. Leirskulen er ein veldig god- og kanskje den første samlingsplassen for elevane før ungdomsskulen. Erfaringar tilsier at det å få møtes på leirskole med blanke ark er eit veldig godt utgangspunkt for dei fleste. Kan leirskulen erstatta planens første bli kjent samling?
- Planen om hospitering verkar omfattande. Korleis skal dette gjennomførast i praksis og logistisk? Slik hospitering som planen legg opp til vil kunne skape stor belastning på skulane og elevane med ressursmangel.

Oppsummert meiner KFAU at planen har ein god intensjon om å skapa ein trygg overgang for elevane. Samtidig er det etter vårt syn omfattande og syner å krevje mykje ressursar. KFAU tenkjer at mykje av ressursane burde heller bli brukt konsentrert rundt dei første vekene på 8 klasse og heller meir spesifikt arbeid retta mot den enkelte elev som kan ha behov for ein tydelegare overgangsplan.

Sak 14 2023/2024. Kva for informasjon bør være tilgjengeleg for foreldre på heimesidene til Suldal kommune. Saka vert brakt inn av Britt Elin:

- Suldal kommune skal laga ein eigen heimeside for alle skulane i Suldal. Denne vil erstatta Min Skule, som skal fases ut. Innholdet på sidene må vere enkelt å oppdatere samtidig som ein finn relevant informasjon. Mykje av informasjonen vil vere felles for alle skulane. Kva er viktig for foreldra at blir lagt inn på desse sidene? Britt Elin informera om at kommunen tvil ta i bruk nytt skule administrativt system frå hausten. Transponder fases ut og kommunen går over til IST Home.

Følgande innspel om innhald:

- Skulerute
- Skjema søknadskjema sfo etc.

- Kontaktinformasjon rektor.
- Saknar tidspunkta for start, slutt og friminutt.
- FAU ønsker undermappe for kvar skule for referat, innkallingar etc.

Sak 15 2023/ 24 Dugnadsgruppe 10 klasse tur.

Det er ei foreldrestyr arbeidsgruppe som har sett på løysningar for reisestøtte til studietur for 10 klasse. Grappa har ønske om å brev til levekår om politisk behandling av slik støtte. Det blei diskutert om levekår var rette instans å sende dette til, eller om det burde gå gjennom rektor og til oppvekst. Ein var usikker på kva som var best. Saka handla om både reisestøtte til årets skuletur, samt ein plan for dei kommande åra og kulla.

KFAU kom fram til følgande tilbakemelding i saka:

Brevet blir sendt på epost til rektor med kopi til kommunalsjef. Saka blir delt i to punkt:

1. Søke om støtte til reise for årets 10 klasse.
2. Utreie ein fast ordning for framtidige reiser.

Viktige moment i saka:

- Studieturen er i dag lausreve frå skule og er heilt foreldrestyrt. Krev mykje arbeid og dugnad, då det er snakk om store økonomiske summer som trengs for at alle får dekkja reisa.
- Viktig med gratisprinsippet.
- Det er viktig for KFAU til studietur ikkje tas frå budsjettet til Sand skule. Ein ber om friske midlar.
- Eit tiltak frå kommunen om reisestøtte til studietur vil vise at ein satsar på ungdommen, bidrar til miljøtiltak og støttar foreldreinitierte aktivitetar.
- Alle skal ha moglegheit til å være med, uavhengig av inntekt.
- Dersom det ikkje er mogleg å samle inn tilstrekkeleg med midlar til slik tur, er risikoen for at studieturen avviklast. Det er likevel slik at det då kan vera foreldre som tar initiativ til slike reiser, og dermed blir det opp til at dei med råd til det kan reise. Kommunen bør bidra til inkludering og forhindra ekskludering.
- Studietur kan vera ein konkret tiltak kommunen bidrar med for å gje ungdommane gode opplevingar og styrke samhald i den siste tida før fleire velgar seg til skular utanfor kommunen. Kanskje dette er ein arena som på same måte som plan for overgang til ungdomskulen, kan gje elevane ein god overgang til eit nytt steg i livet. Og kanskje ei god avslutning på grunnskulen i Suldal gir dei opplevingar og samhald som gjer at dei kjem tilbake etter skuletida utanfor kommunen?
- Studiestøtta må vera ein pakke som inneheld reise/ transport, måltider, overnatting og besøk på ulike institusjonar. Kommunen vil kunne få refundert ein del av investeringa dersom ein søker om det.

Sak 16 2023/2024 Ymse

- Forslag frå FAU Sand om ekstra ope hus for 7 klasse kullet frå hele kommunen. FAU Sand ønskjer å ta kontakt med foreldrerepresentantar frå dei andre skulane, for å førebu Ope hus til våren. Kontaktinformasjon sendes til leiar i KFAU snarast.
- Neste møte i KFAU blir 29.05.24 klokka 18.00. Dersom det ikkje er innkomne saker, blir møtet avlyst.

Referent

Ann Elisabeth H. Langeland.